



Tilråding av område for frivillig skogvern til Miljødirektoratet



Bugen naturreservat
Gulbergnotten naturreservat
Hopslia naturreservat
Uranes naturreservat
Krakksfjellet naturreservat
Skarvatun naturreservat
Bergsstronda naturreservat
Stussvikhovda naturreservat
Ulvenfjellet naturreservat

Vestland fylke

12. august 2020

Innhald

1. Verneforslag	3
2. Saksbehandling.....	4
3. Viktige endringar under behandlinga av verneplanen.....	4
4. Verneformål og områdestatus	4
4.1 Bugen naturreservat (utviding) i Bremanger.	4
4.2 Gullbergnotten naturreservat (utviding) i Ullensvang..	5
4.3 Hopslia naturreservat i Samnanger og Bjørnefjorden.	5
4.4 Uranes naturreservat i Kvam herad (utviding).	5
4.5 Krakksfjellet naturreservat i Solund kommune	5
4.6 Skarvatur naturreservat i Kvinnherad kommune.	6
4.7 Bergsstronda naturreservat i Høyanger kommune.	6
4.8 Stussvikhovda naturreservat i Kvinnherad og Bjørnafjorden	6
4.9 Ulvenfjellet naturreservat i Bjørnafjorden kommune.....	6
5. Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar	6
6. Merknader til verneplanen.....	7
6.1. Merknader ved oppstart og høyring.....	7
6.2. Vurdering etter naturmangfaldlova kap II	11
6.3. Fylkesmannen si tilråding	12
7. Vedlegg.....	12

Framside: Parti med lågurtfuruskog ved Litletveit som inngår i utvidingsområde for Uranes naturreservat i Kvam herad.
Foto: Magnus Johan Steinsvåg / Fylkesmannen i Vestland ©.

1. Forslag

Fylkesmannen i Vestland legg med dette fram forslag om frivillig skogvern.

Tilrådinga omfattar ni område som blir foreslått verna i medhald av naturmangfaldlova. Totalt utgjer areala 13 717 dekar. Av dette om lag 12 368 dekar skog og 10 541 dekar produktiv skog. I gjeldande kommuneplanar har alle områda føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR) og noko areal er avmerkt med omsynssone.

Heimelsgrunnlaget for vern av områda er naturmangfaldlova § 37 a og b. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Alle ni områda har vore på kombinert lokal og sentral høyring i løpet av første halvdel av 2020. Tre av områda inngår som utvidingar av eksisterande naturreservat.

Områda som blir foreslått verna er:

1. Bugen naturreservat i Bremanger kommune (utviding med 457 dekar til 839 dekar)
2. Gulbergnotten naturreservat i Ullensvang (utviding med 2513 dekar til 5872 dekar)
3. Hopslia naturreservat i Samnanger og Bjørnafjorden kommunar (2 614 dekar)
4. Uranes naturreservat i Kvam herad (utviding med 978 dekar til 2414 dekar)
5. Krakksfjellet naturreservat i Solund kommune (1 608 dekar)
6. Skarvatun naturreservat i Kvinnherad kommune (1 680 dekar)
7. Bergsstronda naturreservat i Høyanger kommune (1 077 dekar)
8. Stussvikhovda naturreservat i Bjørnafjorden og Kvinnherad kommunar (1353 dekar)
9. Ulvenfjellet i Bjørnafjorden kommune (1437 dekar)

2. Saksbehandling

I tillegg til utsending av oppstart - og høyringsdokument direkte til aktuelle høyringsinstansar, er både oppstart og høyring kunngjort i aktuelle lokalavisar, Norsk Lysingsblad og presentert på nettstaden til Fylkesmannen i Vestland. Dato for første tilbodsbrev er oppgjeve i tabellen.

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring	FM tilråding
Bugen (utviding)	21.10.2019	30.04.2020	03.06.2020	12.08.2020
Gulbergnotten (utviding)	09.01.2019	30.04.2020	03.06.2020	12.08.2020
Hopslia	02.10.2018	30.04.2020	03.06.2020	12.08.2020
Uranes (utviding)	04.02.2019	30.04.2020	03.06.2020	12.08.2020
Krakksfjellet	24.06.2019	30.04.2020	03.06.2020	12.08.2020
Skarvatun	10.03.2020	30.04.2020	03.06.2020	12.08.2020
Bergsstronda	08.02.2019	30.04.2020	03.06.2020	12.08.2020
Stussvikhovda	01.03.2019	30.04.2020	03.06.2020	12.08.2020
Ulvenfjellet	23.05.2019	21.01.2020	03.06.2020	12.08.2020

3. Viktige endringar under behandlinga av verneplanen

Det er gjort mindre endringar etter oppstartsmeldingane 21. januar 2020 og 30. april 2020. Etter ønskje frå grunneigar ved *Gulbergnotten* er arealet for utviding redusert med 29 dekar. Vidare har vi etter tilråding frå Språkrådet endra namn på Stronda til *Bergsstronda*.

Vi har etter innspel under høyringa harmonisert vernereglane knytt til drift og vedlikehald av kraftlinjer og motorferdsle for alle verneområda med kraftlinjer. Innspel frå NVE er tatt til følgje jf. kapitel 6.

Arealtala er oppdatert basert på dei siste digitale kartavgrensingane og totalarealet har auka med 47 dekar frå 13 680 dekar til 13 717 dekar.

4. Verneformål og områdestatus

Nasjonale naturverdiar

Dei ni områda fordeler seg over heile fylket og fangar opp eit mangfold av artar og viktige naturtypar. Vernet vil omfatte mellom anna rike edellauvskogar, eldre kalkrike blandingsskogar, vestnorske regnskogar, rikmyrar og rik sumpskog. Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiiane i mest mogleg urørd tilstand.

4.1 Bugen naturreservat (utviding) i Bremanger. 457 daa.

Verneforslaget omfattar del av eigedomane gnr./bnr.: 54/2, 54/3 og 54/4 i Bremanger kommune.

Området representerer ein bestemt type natur i form av lite påverka, gammal og variert furu- og bjørkeskog med førekommstar av fleire sjeldne artar. I kommuneplanen er området avmerkt med

landbruk, natur og friluftsføremål (LNFR), med faresone høgspentanlegg og i tillegg ras- og skredfare. Det går ei 24 kV kraftlinje i nedkant av området. Heimelsgrunnlag er naturmangfaldlova § 37 b.

4.2 Gullbergnotten naturreservat (utviding) i Ullensvang. 2513 dekar.

Verneforslaget omfattar del av eigedomane gnr./bnr.: 313/4, 313/6, 313/19, 313/39, 323/1, 323/3, 323/5, 324/1, 324/4, 325/1, 325/2, 326/1, 326/2, 331/1, 331/4 og 331/156 i Ullensvang herad. Etter utvidinga vert *Gullbergnotten naturreservat* totalt 5 872 dekar.

Området består av variert skog med både edellauvskog og furuskog som er representativ for midtre strok av Hardangerfjorden. Området har stadvis urskogpreg og ein har overgangar frå frodige skogtypar i låglandet til meir fattige typar i fjellet. I kommuneplanen er området avmerkt med landbruk, natur og friluftsføremål (LNFR), med omsynssone bevaring naturmiljø og faresone ras - og skredfare. Det går ei 22 kV kraftlinje gjennom området frå Byrkjelandsvatnet og nordover til Selsvik. Heimelsgrunnlag er naturmangfaldlova § 37 b.

4.3 Hopslia naturreservat i Samnanger og Bjørnefjorden. 2614 dekar.

Verneforslaget omfattar del av eigedomane gnr./bnr.: Samnanger kommune: 48/2, 48/3, 48/4, 48/17 og gnr./bnr.: 102/5 i Bjørnefjorden kommune.

Området er ein del av eit større skoglandskap, og har stor variasjon av natur- og vegetasjonstypar, med m.a. rik edellauvskog, eldre furuskog, rik myr og rik sumpskog. Fleire trua artar er registrert. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur og friluftsføremål (LNFR), med omsynssone bevaring naturmiljø og faresone ras - og skredfare. Det går ein traktorveg på totalt om lag 500 meter inn i området frå nord ved Storavatnet. Det går ein merka tursti gjennom området som også er avmerkt på vernekartet. Heimelsgrunnlag er naturmangfaldlova § 37 a.

4.4 Uranes naturreservat i Kvam herad (utviding). 978 dekar.

Verneforslaget omfattar del av eigedomane gnr./bnr.: 78/1 og 79/1 i Kvam herad.

Utvining av *Uranes naturreservat* sørover med Kjepso og Litleteit. Etter utvidinga vert *Uranes naturreservat* totalt 2414 dekar. Området er eit større edellauvskogområde representativt for midtre strok av Hardangerfjorden. Kalkrik berggrunn og lun lokalisering, gjer at floraen i området er både svært artsrik, variert og frodig. Ei rekke truga artar av karplantar, sopp og insekt er registrert. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR) og sone ras- og skredfare. Heimelsgrunnlaget er naturmangfaldlova § 37 a og b.

4.5 Krakksfjellet naturreservat i Solund kommune. 1608 dekar.

Verneforslaget omfattar del av eigedomane gnr./bnr.: 49/1 i Solund kommune.

Eit av dei få relativt store og urørte oseaniske skogområda som er igjen i ytre kystområde på Vestlandet. Skogen har reliktkarakter i ein del av landet som elles er sterkt påverka av avskoging. Området er i dag mellombels verna etter naturmangfaldlova, og nytt vernevedtak gjennom frivillig skogvern vil såleis gje eit varig vern av området. Heimelsgrunnlaget er naturmangfaldlova § 37 b.

4.6 Skarvatun naturreservat i Kvinnherad kommune. 1680 dekar.

Verneforslaget omfattar del av eigedomane som i dag utgjer gnr./bnr.: 17/6, 18/1-5 og 19/1-5 i Kvinnherad. Jordskifte for dei aktuelle eigedomane på *Skarvatun* er no heilt i sluttfasen, og vil vere rettskraftig i løpet av hausten 2020. Vernevedtaket vil derfor omfatte del av følgjande nye gards- og bruksnummer: 17/6, 18/1, 18/2, 18/3 og 18/4 i Kvinnherad kommune.

Eit av dei mest produktive og varierte skogområda i låglandet i Vestland. Viktige naturtypar er rik edellauvskog, rik sumpskog, kalkfuruskog, hole eiketre og rike strandberg. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur og friluftsføremål (LNFR) med dels omsynssone bevaring naturmiljø. Det går ei 22 kV kraftlinje heilt i vestre kant av verneområdet. Heimelsgrunnlaget er naturmangfaldlova § 37 a.

4.7 Bergsstronda naturreservat i Høyanger kommune. 1077 dekar.

Verneforslaget omfattar del av eigedomane gnr./bnr.: 55/1, 55/2, 55/3, 55/4, 55/5, 56/1, 56/2, 57/1, 57/2, 57/3 og 58/1 i Høyanger kommune.

Tidlegare i ver neprosessen vart området kalla «Stronda». Området utgjer rik edellauvskog representativ for fjordliene kring midtre Sognefjord. Alm-lindeskog med variert alder dominerer som skogutforming. Men det er også innslag av andre lauvtre som eik, hegg, hassel, svartor, gråor og rogn. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR). Heimelsgrunnlag for vern er naturmangfaldlova § 37 b.

4.8 Stussvikhovda naturreservat i Kvinnherad og Bjørnafjorden. 1353 dekar.

Verneforslaget omfattar del av eigedomane gnr./bnr.: 155/1 og 155/5 i Kvinnherad kommune og gnr./bnr.: 232/1, 232/2, 233/1 og 234/1 i Bjørnafjorden kommune.

Viktig kvalitetar er eldre oseanisk kalkfuruskog, rik edellauvskog og vestnorsk regnskog. Området utgjer saman med andre naturreservat eit større naturprega skoglandskap. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur og friluftsføremål (LNFR), med omsynssone bevaring naturmiljø og faresone høgspantanlegg. Det går kraftlinje i søndre delar av området. Heimelsgrunnlaget for vern er naturmangfaldlova § 37 b.

4.9 Ulvenfjellet naturreservat i Bjørnafjorden kommune. 1437 dekar.

Verneforslaget omfattar del av eigedomen gnr./bnr.: 53/1 i Bjørnafjorden kommune. Området består av eldre furuskog, rik edellauvskog i form av rike hasselkratt og brannfelt. At området ligg i boreonemoral sone, er lokalisert i lågland og har ein del areal på høgare bonitetar, gjer i tillegg området relevant i vernesamanheng. Området er avmerkt som landbruk, natur og friluftsføremål (LNFR) med restriksjonsområde for Forsvaret sine aktivitetar og flystøysone i nordre del. Det går ein merka tursti gjennom området som også er avmerkt på vernekartet. Heimelsgrunnlaget er naturmangfaldlova § 37 b.

5. Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar

Dei fleste reservata har i varierande omfang førekomst av gran som det bør gjennomførast tiltak mot. Naturkvalitetane og verneverdiane i reservata overgår heilt klart dei eventuelle kostnadane

dette vil gje i framtida.

Ut over det er det ingen spesielle konsekvensar av vern av desse områda.

6. Merknader til verneplanen

Oppstart og høyringsbrev for verneområda er sendt til følgjande (76) sentrale og lokale partar:

Grunneigarar i reservata (vidaresendt frå AT-skog og Norskog), Bremanger kommune, Ullensvang kommune, Samnanger kommune, Bjørnafjorden kommune, Kvam herad, Kvinnherad kommune, Høyanger kommune, Solund kommune, Voss herad, BKK NETT AS, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Fiskarlaget Vest, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Fiskeridirektoratet, Forsvarsbygg, Fortidsminneforeningen, Forum for Natur og Friluftsliv (FNF), Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Fusa Kraftlag, Hardanger Energi Nett AS, Haugaland Kraft Nett AS, Havforskningsinstituttet, Høgskulen på Vestlandet, Kommunal- og regionaldepartementet, Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon, Kvam Kraftverk, Kvinnherad Energi AS, Kystdirektoratet, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Dykker forbund, Norges Geologiske Undersøkelser, Norges handikap forbund, Norges Jeger- og Fisker forbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Miljøvern forbund, Norges Naturvern forbund, Norges Orienterings forbund, Norges Skogeier forbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk Bergindustri, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk institutt for Bioøkonomi, Norsk Organisasjon for Terrengsykling, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, Norskog, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, SFE Nett, Stadnamntenesta på Vestlandet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Universitetet for miljø- og biovitenskap, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, Vest Politidistrikt, Vestland fylkeskommune, Visit Sognefjord og WWF-Norge.

6.1. Merknader ved oppstart og høying

BKK Nett AS har i uttale av 20. mai 2020 omtala eksisterande nettanlegg innafor områda *Hopslia*, *Skarvatun* og *Stussvikhovda*, og har berre kommentarar til desse områda. Alle tre områda har 22 kV kraftlinjer som BKK må oppretthalde for å sikra sikker straumforsyning. BKK må ha moglegheit til å gjennomføre vedlikehald og reparasjonar, samt byte ut enkeltkomponentar eller fornye anlegget i same trase dersom det er trøng for det. Det må også vere mogleg å gjennomføre hogst 8 meter frå senter av kraftlinjene. Det vil også vere trøng få å nytta helikopter til arbeid knytt til kraftlinjene. Alt arbeid må kunne gjennomførast utan at det må søkjast om dispensasjon frå verneforskrifta, og § 4 i forskrifta gjev ikkje ei tydeleg opning for dette. Som alternativ til å endre forskriftene foreslår BKK å gjere grenseendringar slik at kraftlinjene kjem utanfor naturreservata.

I uttale av 9. juli 2020 til høyringa skriv BKK Nett AS at dei skulle ønska at det kom tydlegare fram at rydding av skog langs linja var ein del av «drift og vedlikehald» som er unntaka frå vernereglane i verneforskrifta § 4. Vidare understrekar BKK at når det må søkjast om dispensasjon for motorisert transport for ordinære drifts- og vedlikehaldsoppgåver, så vil det etter kvart bli mykje ekstra arbeid for nettselskapa knytt til dette.

Fylkesmannen sin kommentar

Vi har nytta standardisert malar for verneforskrifter og meiner at dei behova som er trekt fram av BKK er ivareteke i forslag til verneforskrifter. Her er det både lagt inn arbeid knytt til ordinær drift og vedlikehald (hogst langs kraftlinjer er ein del av ordinær drift), og akutt utfall og oppgradering av kraftlinjer. Når det gjeld motorferdsle knytt til ordinær drift og vedlikehald, sjå vår kommentar til same innspel frå NVE i neste avsnitt.

Norges vassdrags- og energidirektoratet (NVE) kommenterer i uttale av 11. februar 2020 til oppstart av *Ulvenfjellet naturreservat* at vernegrensa går ned til Hovlandsvatnet som vert brukt til vassforsyning. Dei legg til at det er viktig at verneforskrifta er tilpassa drift/fornyng av dammen som er eigd av Bjørnefjorden kommune.

NVE skriv i uttale av 27. mai 2020 til dei resterande åtte områda, at ein kjenner til kraftlinjer i områda *Bugen* (utviding), *Hopslia*, *Skarvatun* og *Stussvikhovda* og *Gulbergnotten* (utviding). Dei ber om at områdekonsesjonærane gjev uttale til desse områda. Utover dette har ikkje NVE kommentarar til oppstart av vernearbeidet.

NVE har i uttale av 5. august 2020 fleire konstruktive innspel til høyringa, og omtalar også nokre av innspela til BKK. NVE støttar Fylkesmannen si vurdering i at skogrydding langs kraftline er å rekna som ein del av unntaksreglane «drift og vedlikehald» i verneforskriftene § 4. NVE presiserer vidare at verneforskriftene har ein variasjon i formuleringar, kva som vert gitt unntak og kva som er lista opp som dispensasjonspliktige tiltak i verneområda. For *Skarvatun naturreservat* er ikkje formuleringar knytt til energianlegg tatt med i verneforskrifta.

Vidare skriv NVA som BKK at mengda med dispensasjonssøknader for motorferdsle vil etter kvart bli stor og vil gje nettselskapa auka utgifter knytt til administrasjon. Dei trekk fram eksempel frå vern av Rupefjell og Selslinatten i juni år, der det vart gitt ei generell opning for motorferdsle på eksisterande driftsveg knytt til drift og vedlikehald av eksisterande kraftline. NVE oppfordrar Fylkesmannen og aktuelle nettselskap å vurdera om det er mogleg å gjere tilsvarande unntak for slik motorferdsle.

Fylkesmannen sin kommentar

Fylkesmannen har vurdert om Hovlandsvatnet som drikkevasskjelde krev opningar i verneforskrifta, men sidan vernegrensa berre går ned til vasskanten, og det utanfor reservatet er veg både opp til demningen og til Hovlandsvatnet i sørvest, er vi av den oppfatning at dette alliereie er ivareteke. Eventuelle nye problemstillingar kan handterast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 slik at drift og vedlikehald av drikkevasskjelda kan gjennomførast på ein god måte.

Fylkesmannen tek til etterretning innspel frå NVE og BKK og oppdaterer i stor grad dei aktuelle verneforskriftene som føreslått. Løysinga om å ha ei generell opning for bruk av definert «driftsveg» for drift og vedlikehald av eksisterande kraftline som det vart gjort ved vern av Rupefjell og Selslinatten naturreservat, verkar å vere fornuftig, men berre så lenge det er ein klart etablert driftsveg der frå før. Vi kan ikkje sjå at det er tilfelle for nokon av dei aktuelle områda i denne tilrådinga.

Det vil uansett vere slik at nettselskap vil få motorferdsleløyve til å gjennomføre nødvendig drift og vedlikehald på kraftlinje. Ved at vi gjer dette søknadspliktig, sørger ein for at det vert ein dialog om korleis ein kan gjennomføre tiltaket til beste både for nettselskapet og verneverdiene i naturreservatet. Vi minner om at dette gjeld framtidige og planlagde tiltak knytt til drift og

vedlikehald, som det såleis burde vere god ramme og tid for dialog med vernemynde. I tilfelle der det er akutte hendingar, vil det etter § 6 vere lov med nødvendig motorferdsle utan søknad.

Vi heilt samd med NVE at forskriftene burde vere meir harmoniserte. Sjølv om hovudelementa i nokre av verneforskriftene for områda har blitt utarbeidd for fleire år sidan før verneprosessen formelt har starta, burde vi sørge for at dei var heilt oppdaterte på dette feltet.

Språkrådet har i uttale av 14. mai 2020 ingen vestlege merknader til namn for naturreservata anna enn for Stronda naturreservat. Både namneforma Stronda og *Bergsstronda* er brukt for området, men sidan Stronda også brukt mange andre stader tilrår språkrådet at reservatet får namnet *Bergsstronda*.

Fylkesmannen sin kommentar

Vi tek til orientering merknad frå Språkrådet og endra namnet til *Bergsstronda*.

Forsvarsbygg skriv i uttale til oppretting av *Ulvenfjellet naturreservat* av 18. mars 2020, at ein ikkje ser konfliktar med etablering av naturreservatet. Ut over det har dei eitt konkret innspel om å legge til opning for å rydde vegetasjon i grensegata for skyte - og øvingsfeltet i verneforskrifta § 4 m.

I høyringsuttale av 25. juni 2020 skriv Forsvarsbygg at forsaret sine interesser er ivareteke i verneforskriftene og har såleis ingen merknader.

Fylkesmannen sin kommentar

Innspelet vert tatt inn i verneforskrifta for *Ulvenfjellet naturreservat* i § 4 m.

Direktoratet for mineralforvalting skriv i uttale av 18. mars 2020 og 25. mai 2020 at det er ikkje registrert viktige mineralressursar innafor dei ni naturreservata, og Direktoratet for mineralforvalting har derfor ingen merknader til verneforslaget.

Norsk Bergindustri har berre kome med uttale til *Ulvenfjellet* (av 18. februar 2020), der dei mellom anna understrekar viktigheta av å undersøkje området sine eventuelle geologiske førekomstar føre endeleg vedtak vert fatta. Vernevedtak kan føre til at ein beslaglegg ressursar som kan vere lokalt, regionalt, nasjonalt eller globalt viktige, utan at desse vert kartlagt.

I høyringsuttale av 7. juli 2020 ber Norsk Bergindustri om at verneforskriftene vert uformal slik at dei opnar opp for eventuelle uttak av framtidige geologiske, drivverdige funn i paragraf 4.

Fylkesmannen sin kommentar

Vi har forståing for at Norsk Bergindustri ønskjer meir kartlegging og utgreiingar av potensielle mineralførekomstar i Norge, men vi finn det ikkje som rimeleg å greie ut dette som ein del av verneprosessen. I dei ni områda er det verken er påvist drivverdige mineralførekomstar eller aktuelle areal som er avsett til dette føremålet i dei ulike kommuneplanane.

Artsdatabanken skildrar arealinngrep som det største trugsmålet mot artar og naturtypar i respektive nasjonale raudlister. Vi kan ikkje sjå at å ha eit generelt unntak frå vernereglane for uttak av framtidige geologiske ressursar i eit naturreservat, vil vere i tråd med ivaretaking av

verneverdig natur som er føremålet med etablering av naturreservata.

Os Turlag skriv i uttale (5. februar 2020) til *Ulvenfjellet naturreservat* at dei er positive til etablering av verneområdet og at det er ei aukande bruk av turstiar i området. Dei har allereie lagt ned klopper for å redusere slitasje på myr og vegetasjon og ønskjer å ha ein dialog om dette også etter eit vern.

Fylkesmannen si kommentar

Vi er kjent med turstiane i området og har lagt inn det som eige tema i forslag til vernekart. Verneforskrifta tek omsyn til vedlikehald av eksisterande stiar, og forvaltningsmyndet kan dispensere for merking og rydding av nye stiar. Vi har også registrert slitasje på vegetasjonen og ønskjer samarbeid om tilrettelegging.

Norsk Orienteringsforbund ber i uttale av 4. juni at Fylkesmannen om å stoppe alle verneprosessar. Bakgrunnen er at ein opplever at det i ein del tilfelle vert satt restriksjonar på tradisjonelle aktivitetar utan grunngjeving.

Fylkesmannen sin kommentar

Vi er kjent med at Norsk Orienteringsforbund er i dialog med Miljødirektoratet om bruk av standardiserte verneforskrifter og regulering av arrangement som orienteringsløp i naturreservat. Vi har også i samråd med Miljødirektoratet avtalt å ikkje stanse vernearbeidet slik de ønskjer i dykkar innspel. Dersom det kjem nye føringar frå Miljødirektoratet om innhald i verneforskrifter også oppdatere våre malar for verneforskrifter der det er aktuelt.

Statskog skriv i uttale av 24. januar 2020 til *Ulvenfjellet* at dei ønskjer tre ekstra unntak frå vernereglane gjennom § 4. Det gjeld høve til å felle store rovdyr i samsvar med gjeldande regelverk, utsetting av saltstein i samsvar med gjeldande regelverk samt høve til å setje opp mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt. Dei ønskjer også at ein skal kunne gjennomføre forsiktig rydding av kvist og småbuskar i aktuelle skotfelt til jakttårn.

Vidare ønskjer Statskog at høve for bruk av motorbåt skal vere mogleg etter § 6, og at det i § 7 skal vere mogleg å etablere nye stiar og løypetrasear.

Fylkesmannen sin kommentar:

Eit viktig element i oppdraget vårt gjennom frivillig skogvern er å sørge for at verneforskriftene vert så konkrete og forståelege som mogleg. I dette ligg også å berre ta med tema som er relevante og aktuelle for området.

Vi ønskjer derfor ikkje å inkludere felling av store rovdyr og bruk av motorbåt då dette ikkje aktuelt i *Ulvenfjellet* naturreservat. Vi har i § 7 b opna for nymerking av stiar og i § 7 e opna for oppsetting av gjerde og utsetting av saltstein. Vi ønskjer å ha desse tema i § 7 slik at vi gjennom søknad får ein god dialog med aktuelle brukarar om lokalisering og omfang. Bruk av mellombelse jakttårn og rydding av skotfelt frå desse er tatt med som unntak frå vernereglane i § 4 p.

Vestland Fylkeskommune skrive i uttale av 3. juni 2020 at dei ser på vern av dei aktuelle områda som positivt i høve til automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen ønskjer også å få eventuelle saker som gjeld oppgradering og fornying av kraftlinjer, motorferdsle og vedlikehald

av eventuelle gamle vegar i områda til vurdering, slik at omsynet til kulturminne kan ivaretakast. Vidare kan også kulturminneforvaltinga ha behov for å gjera undersøkingar i verneområda.

Fylkesmannen sin kommentar

Vi tek til orientering innspela frå Vestland Fylkeskommunen og ser fram til godt samarbeid omkring natur- og kulturverdiar i områda.

Anders Teigen

Teigen skriv i uttale av 4. august 2020 om *Skarvatun*, at eigedom 26/1 har gamle tinglyste rettar i området. Vidare at eigedom 18/5 har køyrevegrett gjennom innmarka og utmarka til eigedom 17/6. Til slutt meiner han at vernegrensa mot naustområdet «Støa» ikkje følgjer grensa som går fram av jordskiftekartet.

Fylkesmannen sin kommentar

Pågåande jordskifte på *Skarvatun* og vernearbeidet har i praksis vore ein integrert prosess, og vi er overraska over at Teigen ser ut til å meine at deira tinglyste rettar ikkje er ivaretake. Eventuell rett til å køyre til eigedom 17/6 er oppfylt ved tilgang over asfaltert kommunal bilveg på *Skarvatun*. Når det gjeld avgrensing av området nede ved «Støa», er det gjort med basis i endeleg versjon av digitale kartfiler frå Jordskifte og avgrensing frå AT Skog som representerer grunneigarane. Med bakgrunn i dette kan vi ikkje sjå at uttalen frå Teigen har relevans eller innverknad for frivillig skogvern av areal på *Skarvatun*.

Landbruksdirektoratet har kome med ein generell uttale (dagsett 30. januar 2020) til oppstart av *Ulvenfjellet naturreservat* og har ingen vesentlege merknader til oppretting av *Ulvenfjellet naturreservat*. Vidare har Kystverket og Riksantikvaren ingen vesentlege merknader.

6.2. Vurdering etter naturmangfaldlova kap. II

Etablering av seks nye og utviding av tre eksisterande naturreservat i Vestland vil sikra naturmangfaldet i desse områda mot fysiske inngrep jf. naturmangfaldlova § 8. Det har svært positivt betyding for artsmangfaldet her, ettersom fysiske inngrep er dokumentert å vere det største trugsmålet mot naturmangfald globalt og lokalt i Norge.

Ivaretaking og vidare naturleg utvikling av naturmangfaldet i naturreservata vil også kunne fungere som ei kjelde for å styrke populasjonar av plante- og dyrearter utanfor reservatgrensene jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. Ved å utvide eksisterande reservat vil ein gjere naturen meir robust desse områda, og sikra betre overleving på lang sikt i tråd med forvaltingsmål for artar og naturtypar.

Vi vurderer vidare at føre – var – prinsippet i naturmangfaldlova § 9, samt § 11 og § 12 om kostnader ved miljøøydelegging og miljøforsvarlege teknikkar og metodar, som lite relevant i vidare saksvurdering.

Med bakgrunn i at vernet berre vil gje positive effektar på naturmangfaldet, vel vi ikkje å vurdere §§ 8-12 nærrare (jf rettleiar om naturmangfaldlova kap II 2016).

6.3. Fylkesmannen si tilråding

Fylkesmannen i Vestland anbefaler med dette oppretting av:

Hopslia naturreservat, Krakksfjellet naturreservat, Skarvatun naturreservat, Bergsstronda naturreservat, Stussvikhovda naturreservat og Ulvenfjellet naturreservat.

Vi tilrår også ei utviding av: Bugen naturreservat, Gulbergnotten naturreservat og Uranes naturreservat.

Vernekart og verneforskrifter ligg ved denne tilrådinga.

7. Vedlegg

Vernekart

Verneforskrift